



# Seljord barne- og ungdomsskule

## Referat frå møte i samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU) ved Seljord barne- og ungdomsskule

**Dato:** Torsdag 08.02.24

**Tidspunkt:**

SMU: kl. 18:00 – 19:00

SU: kl. 19:00 – 20:00

**Stad:** Personalrommet på barnetrinnet

**Til stades:** Ida Wang (FAU), Beate Østensen (andre tilsette), Kim Aakre Bringa (politisk repr.), Tyril Kleiva (elevråd 8.-10), Omar Khanan (elevråd5.-7.), Ingunn Haugland (rektor), Anette Reitan (ass.rektor)

**Ikkje møtt:** Sara Fjågesund, Solfrid Bjørge, Heidi Straand, Håkon Kyrkjerud Vaa og Frida Hagen Reutz

### Saksliste

#### SMU

1. Saker frå elevråda:

Ungdomsskulen- søker om pengar for å få betre sitteplassar i gangen på skulen (innemiljø) og oppgradering av toaletta. Det er berre gamle benkar inne som treng fornying. Dei ynskjer betre benkar/ sitteplassar i gangen, gjerne og noko som ein kan bruke i skulearbeidet. Dei har vore i kontakt med Kinnarps, og skal søke DNB, Sparebanken Din og FAU og andre stader der ein kan få pengar. Rektor har og sagt skulen kan bidra med noko pengar. Det trengs ca 150 000,- til dette. Det er og purra på vedtaket om oppgradering av toaletta.

På barneskulen er det elevkvelden som er det store som skal skje på våren, elevrådet jobbar med dette, dei har og jobba med ynskjeliste for utstyr dei vil ha på uteområdet på framsida.

2. Saker frå FAU.

Dei har laga eit brev til kommunestyret der dei etterspør korleis det går med arbeidet med toaletta på skulen og korleis det går med arbeidet på gangfeltet utanfor skulen (mange som går over vegen frå skulen til gamle billaget) . 17.mai- komiteen får no færre pengar som gjer at det blir eit dårlegare tilbod for feiring, mellom anna at programmet må vera utandørs. Kommunedirektøren og teknisk sjef vil vera med på neste møte i hovudkomiteen. Det er og eit spørsmål om korleis ein skal arrangere 17.mai når det blir færre vaksne til å arrangere når det blir færre elevar i 7.trinn. Det er og blitt populært å låne Samlingsrommet til bursdagsarrangement mm.

3. Elevundersøkinga.

Det er 7. og 10.trinn som er med på den. På 10.trinn scorar dei høgare enn landsgjennomsnittet på 9 av 11 tema. Dette er veldig bra. Ligg framleis litt høgare enn ynskt



## Seljord barne- og ungdomsskule

på mobbetalet, sjølv om det er under landssnittet. 7.trinn har svakare resultat, vi er og litt høgare på mobbetalet og mobbing av andre vaksne på skulen. Dette blir jobba med på skulen no.

4. Eventuelt. Det har vore fin skøyteis i ein kort periode, no ligg den nede att. Skulen tar kontakt med teknisk for å høre om det er mogleg å sprøyte opp på nytt.

### SU

1. Aktuell informasjon frå skulen. Personalsituasjonen: Det er tilsett to nye på barneskulen, Ann- Christin Grutle og Kristin Forberg. Vi manglar framleis noko ressursar. Det har og vore nokre rokkingar i 5.trinn grunna sjukemeldingar. På ungdomsskulen har det vore lite fråvær dette året. Det har vore gjennomført medarbeidersamtaler, der er resultata stort sett veldig bra. Det har vore arrangera eit storforeldremøte på Granvin med MOT- ambassadør. Det var dessverre litt dårlegare oppmøte enn forventa. Det er og jobba mykje med skulenærvær på skulen. Skulen har laga ein plan for korleis skulen vil jobbe med dette.
2. Ny opplæringslov frå 01.08.24. Endringar i samarbeidsorgan. Frå hausten blir det endringar. Det skal vera elevråd og FAU i kommunen, men det er ikkje lovpålagt at det skal vera SU eller SMU. Kan det vera aktuelt å organisere noko på heile kommunenivå, ikkje berre på kvar skule.
3. Eventuelt. Det er fleire områder rundt skulen/skulevegen som er trafikkfarlege.

Nytt møte blir 18.april kl. 18.00 på personalrommet til barneskulen. Ungdomsklubben Kaktus held på å pusse opp eit lokale i det gamle Billaget. Det vil vera ope nokre ettermiddagar slik at ungdommar kan vera der mens dei ventar på aktivitetar eller at dei kan reise heim.

*Ref. Anette*

*Oversikt over medlemmer på neste side.*



# Seljord barne- og ungdomsskule

*Medlemmer SU/SMU*

*Bortsett frå leiar og nestleiar for elevrådet 5.-7. trinn, møter alle på både møta.*

Elevrepresentantar	Leiar og nestleiar 5.-7. trinn ( <b>berre SMU</b> ) Leiar og nestleiar 8.-10. trinn
Foreldrerepresentantar	Leiar og nestleiar av FAU
Lærarrepresentant	Solfrid Bjørge, Sara Fjågesund Aase
Repr. for andre tilsette	Beate Nilsen Østensen, vara Linda T. Angre
Politisk representant	Medlem: Kim Bringa AP Vara: Carina Thorvaldsen Frp Vara: Sondre Aasan S
Repr. skulen/kommunen	Ingunn Haugland og Anette Reitan eller Audny Barstad